



## Statens vegvesen

Kvinnherad kommune

5470 ROSENDAL

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Guri Finne Sognnæs / 56520284 17/57856-9 06.12.2017

### Omklassifisering av Lundssvingane- Fv. 48 – Kvinnherad kommune

I samband med bygging av ny delstrekning (av fv. 48) på Lundsneset i Kvinnherad kommune, er Statens vegvesen i gang med omklassifisering av eksisterande vegtrase som vert erstatta av ny.

Statens vegvesen sitt forslag om omklassifisering vert no sendt på høyring til Kvinnherad kommune, før Hordaland fylkeskommune fattar vedtak i saka.


#### Skildring av vegstrekninga

Eksisterande vegstrase går i det området som på folkemunne vert kalla Lundssvingane, hp 11 m 411–824. Eksisterande veg er synt med raud strek i figur 1.

Fv. 48 er hovudvegen mellom Rosendal og Husnes. Eksisterande vegtrase ved Lundssvingane har ein ÅDT på 2700 der større køyretøy utgjer 8 %. Fartsgrensa er 60 km/t, men vegen sin kurvatur og siktforhold tilsvara ein hastigkeit på 30–40 km/t.

Vegbreidda er 7 m, men det er ikkje tilrettelagt for gåande og syklande. Mjuke trafikantar tar difor vegarealet i bruk, som har ført til ein uheldig trafikksituasjon.

På Lundsneset er det i dag bustader, fritidsbustader og naust. Eksisterande vegtrase gjev tilkomst til desse.




Figur 1: Blå strek = ny vegstrekning, raud strek = eksisterende vegstrekning

## Ny funksjon

Ny vegtrase vil gå i rett bane over Lundsneset, som gjev betre kurvatur og siktforhold for trafikantar. Køybreidda vert 8 m. Det vert etablert 3 m brei gang- og sykkelveg langs vegtraseen.

Kvinnherad kommune er byggjerre på den nye vegstrekninga, som etter planen skal ferdigstillast ved starten av 2018.

Ved opning av ny vegtrase skal eksisterande vegtrase, Lundssvingane, stengjast i nord (sjå figur 2) og det skal etablerast nytt kryss mot fv. 48 i sør. Vegen vil fungera som adkomsten til bustader, fritidsbustader og naust. Langs vegen vert det tilrettelagt med parkeringsplassar.



Figur 2: Eksisterande vegtrase skal stengast der den møter ny vegtrase i nordaust. Synt med raudt kryss i figuren.

Basert på skildringa over vil vegen miste sin funksjon som hovudveg og går over til å verta ein lokal adkomstveg.

### Omklassifisering

Basert på at eksisterande vegtrase vil få endra sin funksjon, er det naturleg at eksisterande vegtrase, hp 11 m 429-807, av fv. 48 vert omklassifisert til kommunal veg.

I gjennomføringsavtale mellom Kvinnherad kommune og Statens vegvesen (datert 27.02.2017, vår ref. 17/15392), er det avtalt at Kvinnherad kommune skal overta eksisterande vegtrase, når den nye vegstrekninga er ferdigstilt. Kvinnherad kommune skal dekkje kostnadane i samband med omklassifiseringa.

08.06.2017 vart det halde felles synfaring for Statens vegvesen og Kvinnherad kommune, med gjennomgang av vegstrekninga. Fokuset var på tekniske krav til vegstrekninga ved omklassifisering frå fylkesveg til kommunal veg, etter NA-rundskriv nr. 97/13.

Det vart avtalt at før vegstrekninga vert overlevert til kommunen, skal Statens vegvesen sørge for at grøfter og stikkrenner vert reinska og kummar tømmast. Dette er tiltak som kjem inn under driftskontrakten.

## Vår tilråding

Statens vegvesen tilrår at vegstrekninga vert omklassifisert til kommunal veg. Vegen får endra sin funksjon frå hovudveg til adkomstveg og vert avstengt for gjennomkjøring. Omklassifiseringa vil også vera i tråd med gjennomføringsavtalen datert 27.02.2017.

I samsvar med veglova § 7 første ledd er det Hordaland fylkeskommune som gjev endeleg vedtak om omklassifisering / nedklassifisering av fylkesveg. Kvinnherad kommune skal gje uttale i saka før endeleg vedtak vert gjort. Vedtaket om omklassifisering vil vera gyldig frå det tidspunkt det vert sett trafikk på den nye vegtraseen.

Saka vert sendt til dykk for uttale med høyringsfrist sett til 30.01.2018.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger  
Med helsing

Carl-Erik Nielsen  
Seksjonssjef

Guri Finne Sognnæs

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Hordaland fylkeskommune – Samferdselsavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN